

---

**Saksnr:** 2020/61222-2  
**Saksbehandlar** Birthe Andersen Haugen  
**Dato:** 25.08.2020

---

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Varsling for elever

*Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, stilte i møte i kontrollutvalet 15. juni 2020 følgjande spørsmål:*

*«Ad: elevers mulighet til å varsle om kritikkverdige forhold*

*De nye varslingsreglene som trådte i kraft 1.1.20 åpner for at blant annet elever gis mulighet til å varsle jfr. Arbeidsmiljøloven (aml.) kapittel 2A. Det synes som de nye varslingsreglene åpner opp for skjønsmessige vurderinger og reglene inkluderer ikke samtlige elever ved videregående skoler der de kan varsle på lik linje som ordinære ansatte.*

*Aml. § 1-6 lister opp persongrupper som faller utenom lovens arbeidstakerbegrep jf. aml. § 1-8, men som likevel skal anses som arbeidstakere etter lovens regler om helse, miljø og sikkerhet når de utfører arbeid i virksomhet som faller inn under loven. Bestemmelsen omfatter blant annet elever ved institusjoner som har undervisning eller forskning som formål, herunder elever ved videregående skoler, når de utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring jf. aml. § 1-6 nr. 1 bokstav a).*

*Endringen i § 1-6, som trådte i kraft 1.1.2020, innebærer at de persongruppene som er listet opp i bestemmelsen, blir omfattet av lovens regler om varsling, herunder gjengjeldelsesvernet, når de utfører arbeid. Endringen får med andre ord kun betydning for elever når de utfører arbeid, men ellers ikke. I praksis betyr det at elever, når de utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring, får de samme rettighetene og det samme vernet som arbeidsgiverens egne arbeidstakere, herunder vern mot gjengjeldelse dersom de varsler om kritikkverdige forhold som de oppdager i virksomheten.*

- 1. På hvilken måte har Vestland fylkeskommune tilrettelagt for at elever som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring kan varsle om kritikkverdige forhold?*
- 2. Er elevene informert og gitt tilgang til varslingskanalen? Hvilke elever i fylkeskommunen er omfattet av bestemmelsen i aml. § 1-6?*
- 3. Hvordan defineres «elever som utfører arbeid»?»*

1. På hvilken måte har Vestland fylkeskommune tilrettelagt for at elever som utfører arbeid som ledd i praktisk opplæring kan varsle om kritikkverdige forhold?

Kravet i arbeidsmiljølova § 1-6 om at elevar sjåast på som arbeidstakarar etter lova sine reglar knytt til varsling og HMS meiner fylkesrådmannen må ivareta kast gjennom bedriftene og

fylkeskommunen sine varslingsrutiner. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane sine oppgåver er knytt til dette er å gje informasjon til elevar og utplasseringsbedriftene om rettar og plikter.

Fylkesrådmannen vil i løpet av hausten få på plass ein varslingsrutine som tek i vare informasjonsplikta ovanfor elevane.

2. Er elevane informert og gitt tilgang til varslingskanalen?

Det er etablert eigne rutinar for elevar som er utplassert som en del av opplæringa. Utplassering i bedrift skjer først og fremst gjennom faget yrkesfagleg fordjuping. Rutinen skal justerast slik at den tek i vare informasjon om varsling og varslingskanalen.

3. Hvilke elever i fylkeskommunen er omfattet av bestemmelsen i aml. § 1-6? Hvordan defineres «elever som utfører arbeid?»

Fylkesrådmannen legg til grunn at elevar som er utplassert i fag der utplasseringa inngår som ein del av grunnlaget for eleven si vurdering i faget i regi av den vidaregåande skulen er omfatta av denne heimelen. I tillegg er elevar som har praktisk opplæring inne på skulen omfatta av definisjonen. For sistnemnte gruppe er det pr i dag ikkje tilfredsstillande varslingsystem. Fylkesrådmannen vil etablere ein varslingskanal i løpet av hausten 2020.

Jamfør rutinar og reglement for gjennomføring av faget yrkesfagleg fordjuping har elevane status som elev også ved utplassering i bedrift. Eleven har ein kontaktperson frå skulen og det er skulen som har det faglege ansvaret. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse meiner at varsling skal skje gjennom bedrifta sin varslingsrutine/kanal.